

Trygve Leon Gjerde  
Austrheimsvegen 1164  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1235 - 23/576

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
19.01.2023

## Løyve til arealoverføring og grensejustering mellom gbnr 156/33 og 156/158 - Austrheim

### Administrativt vedtak. Saknr: 008/23

Vi syner til søknad motteke den 19.01.2023.

### Vedtak


Austrheim kommune gjev herved løyve til omsøkt arealoverføring og grensejustering mellom eigedomane 156/33 og gbnr. 156/158 på Austrheim. Grunngevinga for vedtaket er at søknad er i tråd med kommuneplanen sin arealdel og fornuftig arealbruksmessig.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.




### Saksutgreiing:

Det er den 19.01.2023 kome inn søknad om arealoverføring og grensejustering mellom eigedomane 156/33 og gbnr. 156/158 på Austrheim. Kart under viser staden.



### Hageareal vert arealoverført og utmarksareal vert overført mellom eigedomane

Det føreligg skriftleg fullmakt frå grunneigar til søkjar om at denne arealoverføringa er godkjent, den er vedlagt søknad. Kart datert den 18.01.2023 viser omsøkt arealoverføring mellom eigedomane.



**Plankart langs Fv. 565 ved omsøkt arealoverføring**

Den eine eigedomen grensar til planområdet for **Reguleringsplan for g/s. Austrheim-Årås** og arealet her er regulert til arealformålet *annan vegrunn og vegtilkomst* inn til bustadtomten her. Denne planen vart godkjent den 29.06.2005, men omsøkt arealoverføring råkar ikkje denne planen på nokon måte. Arealet som skal overførast langs fylkesvegen er alt ein opparbeida hage til bustadtomten her.

Austrheim kommune ser at søknaden er i tråd med godkjent plan for området, og kan godkjenne denne arealoverføringa mellom eigedomane som omsøkt, parsellane er merka A og B i søknad. Austrheim kommune legg til grunn at området vert frådelt i samsvar med oppmerka kart i søknad, og at det i oppmålingsforetninga vert teke omsyn til detaljreguleringsplanen på fylkesveg 565 her. Detaljar omkring frådelinga vert teke i kartforretninga. Saka vert hermed oversendt til Austrheim kommune sin oppmålingsingeniør Alf Kvant. Lykke til med vidare prosess i saka.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

*Klage:*

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast*

**Kopi til:**  
Alf Kvant

**Mottakere:**

Trygve Leon Gjerde

Austrheimsvegen 5943  
1164

AUSTRHEIM